

Styremøte Voss Idrettsråd 8.5.18 i Idrettshallen.

Tilstades: Nils, Einar, Renate, Sven Oscar, og Olav kom 2030 etter avtale.

Ikkje tilstades: Brit Elisabeth, Frode, Nils Helge Kvamme

Sakliste:

1. Merknader til innkalling. Ikkje sett.
2. Referat. Ok.
3. Tildeling av Edvard Hegboms heiderspris.
 - a. Det er kome kun eitt forslag: Torgils Bryn er føreslått frå Voss Idrettslag, skrive av Tore Tvilde. Grunngeving vedlagd.
 - b. Einstemmig vedtatt at heidersprisen går til Torgils Bryn, etter ei mangfaldig og lang fartstid som idealistisk eldsjel innan ulike idretter på Voss.
4. Førebu årsmøtet:
 - a. Gjennomgang av sakliste for årsmøte 22.mai på Park Hotell kl 19.
 - b. Olav får inn annonse om årsmøtet på laurdag 12.5.
 - c. Ingen framlegg inkome innan fristen.
 - d. Gjennomgang av Lov for Idrettsrådet. Kvart lag har inntil to delegatar med tale- og stemmerett, men kan ha med så mange dei ynskjer som utover to stk ikkje har stemmerett. Delegatar med stemmerett må ha betalt kontingent i sitt idrettslag inneverande år.
 - e. Gjennomgang av Handlingsplan for 2018. Her står det blant anna at brukarforholda i det nye Vossabadet skal evaluerast og vurderast, og styret vil ta dette punktet opp på styremøte i nær framtid for å sjå på forholda Voss IL symjegruppa har i Vossabadet både økonomisk, praktisk og i høve treningstider og plass i bassenget.
 - f. Framlegg til årsmeldinga gjennomgått, og mindre språklege endringar lagt til Olav sitt gode framlegg.
 - g. Status OL-saka etter årsmøtet. Olav informerer.
5. Status OL-saka.

- a. Saken lagt fram på møte i Norheimsund der blant anna Anne Gine Hestetun, fylkesordfører, og Tom Tvedt, leiar i Idrettsforbundet deltok. God respons, og ikkje nokon reelle negative merknader.
 - b. Møte med politikarar: inviterte ein del ordførarar og varaordførarar, men få frammøtte. Nedtur med dårleg frammøte, men positiv dialog blant dei som deltok. Bergen hadde bystyremøte same dag, og det var årsak til at dei ikkje stilte med folk på møtet.
 - c. Alle idrettsråda i Hordaland og Sogn og Fjordane har vorte invitert til møtet, men møtet vart avlyst pga manglande interesse.
 - d. Nytt møte i Idrettens Olympiade 15.5 for å legge planar framover. Tre hovudpunkt for diskusjon: involvering, konkretisering og finansiering.
6. Status Sentralidrettsanlegget.
 - a. Ingenting nytt å melde.

Sekretær,

Renate Lunde